



Tilleggsinformasjon frå NGIR

Viser til NGIR sin søknad til Bergen og Omland Havnevesen og til BOH sin «Uttale om tillatelse til etablering av reinseanlegg for sigevatn, båtopptrekk m.m. – gnr-bnr 177/28, 36 Kjekkdalen, Lindås kommune, NGIR» av 10.01.18.

Under «Vurdering av dispensasjonssøknad» vert NGIR gjort merksam på at søknaden og må handsamast av Fiskeridirektoratet.

NGIR ber med dette om uttale frå Fiskeridirektoratet og ynskjer i denne samanhengen å gje nokre presiseringar:

NGIR har sidan 1982 drive deponi i Kjekkdalen i Lindås kommune og med utslepp av ureina sigevatn til Lurefjorden. Etter pålegg frå Fylkesmannen i Hordaland skal det byggjast reinseanlegg for dette utsleppet, og NGIR er no i prosess med dette. Anlegget er tenkt realisert innerst i Kjekka, på steinfylling ut til ca 4-5 m djup. Viser her til vedlagte teikning K 100 (m/animasjon) som kanskje er mest illustrerande for tiltaket.

Alt sigevatn har sidan 1982 vore slept ut ureina på 25 m djup på 60°39,481 N, 05°14,585 E i Lurefjorden. Det kan nemnast her at straummålingar utført av NIVA i 2005 viser at dette er et godt valt punkt for utsleppet då ein har relativt høg straumhastigkeit i dette punktet. I samband med bygging av reinseanlegg er det prosjektert ny leidning for utslepp av reinsa sigevatn og denne vil verta lagt parallelt med den gamle leidninga fram til same utsleppspunkt. Begge leidninga vil verta nytta til reinsa sigevatn.

Lurefjorden er marint verneområde og tiltaket vil, bortsett frå utfyllinga inst i Kjekka, vera eit svært godt bidrag til miljøforbetring for resipienten.

(NGIR utfører kvart 5. år resipientundersøking i Lurefjorden. Neste i inneverande år.
Resultata frå desse undersøkingane ligg på : <http://ngir.no/om-ngir/publikasjonar/>)

I tillegg til uttale frå BOH har NGIR og henta positiv uttale frå Bergen Sjøfartsmuseum om tiltaket.

Hundvin 01.02.18

For NGIR

A blue ink signature of the name "Rune Ones".

Rune Ones
-seniorrådgjevar-